



SØKNAD OM REDUSERT FORELDREBETALING OG GRATIS KJERNETID I BARNEHAGE FOR 3-, 4-, og 5 ÅRINGAR OG BARN MED UTSETT SKULESTART

Betalar sitt namn: _____

Fødsels nr: _____

Gift: _____ Sambuar: _____ Eineforsørgjar: _____

Barnet sitt namn: _____

Fødselsdato: _____

Barnet sitt namn: _____

Fødselsdato: _____

Fleire barn med opphald i barnehage, namn og fødselsdato:

Barnehage: _____

Utskrift av grunnlag for skatt

		Foreldre/føresatt/sambuar 1	Foreldre/føresatt/sambuar 2
«Sum inntekt»	Sum brutto inntekt pr. år →		
	For dei som ikkje har utskrift av grunnlag for skatt, sjå side 2 for informasjon pr. år →		
Eg gir med dette samtykke til at Suldal kommune kan kontrollere gitte opplysningar om mine inntekts- og formueforhold hjå skatte-, avgifts-, trygde- og sosialmynde. Opplysningane skal berre nyttast til å vurdere søknad om redusert betalingsatts.			
Dato: _____		Underskrift: _____	

- Skjemaet skal leverast ferdig utfylt med samla brutto inntekt, datert og med underskrift frå føresett som er registrert som betalar. Utskrift av grunnlag for skatt må leggjast ved. For dei som ikkje har utskrift må all inntekt dokumenterast på ein annan måte. Ved manglande utskrift av skatt eller dokumentasjon på annan inntekt og om skjema ikkje blir datert/skriven under, blir familien satt på høgaste betalingsatts.
- Me gjer ein merksam på at om inntektsgrunnlaget blir endra gjennom året, er føresette pliktige til å straks melda frå til barnehage.
- Endringar vil skje ved første fakturering etter motteken søknad.
- Sjå side 2 for krav til dokumentasjon og annan informasjon som er viktig å vite før du leverer søknaden.

Gratis kjernetid for 3-, 4- og 5- åringar og barn med utsett skulestart

I samsvar med Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar, har 3-, 4- og 5- åringar og barn med utsett skulestart som bur i hushald med lav inntekt, rett til å få 20 timar gratis opphaldstid per veke. Ordninga gjeld for familiar eller hushald som har ei samla inntekt på mellom 316.000,- og 428.000,- per år.

Dersom nokon av dei som har rett på fritak for 20 timar vel å berre nytta seg av dei 20 timane, er tilbodet gratis.

Kva inntekter skal reknast med?

Foreldrebetalinga skal reknast ut frå hushaldets samla skattepliktige kapital- og personinntekt.

Som eit hushald reknast ektefeller, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som bur i lag, og som har budd i lag i ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei 18 siste månadane, eller har felles barn. Bur eit fast barn hjå begge foreldra, skal foreldrebetalinga reknast ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Kva slags dokumentasjon må leverast med søknaden?

Utskrift av grunnlag for skatt skal leggjast ved søknaden som dokumentasjon. Denne vil normalt innehalde dei fleste skattepliktige kapital- og personinntekter. Dersom noko ikkje står registrert på denne av skattepliktig person- eller kapital- inntekt, har du plikt til å opplysa om det ved søknad.

Kva med dei som ikkje har utskrift av grunnlag for skatt?

Dei som ikkje kan leggje fram ei slik utskrift, må leggja fram annan dokumentasjon på inntekt. Som inntekt reknar ein personinntekt etter skattelova kap. 12. Dette inkluderer blant anna arbeidsinntekt, pensjon i og utanfor arbeidsforhold, eingongsutbetaling frå individuell pensjonsavtale, arbeidsavklaringspenger, overgangsstønad, introduksjonsstønad, kvalifiseringsstønad, støtte etter lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg og uføretrygd. I tillegg må ein oppgi kapitalinntekt som renteinntekter, aksjeutbyte, gevinst ved sal av eigeidom og lausøyre, leigeinntekter, bruksrettigheter i kapital og vederlagsfri bruk av andre sine egedeler. All inntekt må kunne dokumenterast.

Om inntekta er endra frå føregåande år

Du kan leggje fram annan dokumentasjon for inntekt, eller søkje undervegs i året om det er vesentleg og varig endring i inntekta til hushaldet. Med vesentleg og varig endring i inntekt meiner ein stort inntektstap som følgje av til dømes arbeidsledigheit og endring i hushaldets samansetning ved til dømes eit samlivsbrot.

Fristar for innlevering av dokumentasjon

Ved hovudopptak og nytt barnehageår er innleveringsfristen 15. august, gjeldande frå 1. september. For søknadar undervegs i barnehageåret er innleveringsfrist innan 15. for gjeldande fakturamånad. Ny betalingsatts vil ikkje gi tilbakeverkande kraft. Dersom dokumentasjon ikkje leverast inn, vil opphaldsbetalinga setjast på høgaste sats. Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid vil bli gitt for inntil eit barnehageår om gongen.

For familiar busett i andre kommunar, med barnehageplass i Suldal kommune, må desse ta kontakt med kommunen der dei er folkeregistrert.